



# **DELÅRSRAPPORT**

## **3. kvartal 2016**

Voss, 18. oktober 2016  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2016

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for dei ni fyrste månadane av 2016 på 27,4 mill. kr, ein auke på 13,4 mill. kr i forhold dei ni fyrste månadane i fjor. Resultatet tilsvarar 0,93% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,49% i fjor.

Etter skatt er resultatet pr. 30/9 i år 21,5 mill. kr (0,73%) mot 10,2 mill. kr (0,35%) i fjor.

Totalresultatet pr. 30/9 i år er på 19,7 mill. kr, mot 15,4 mill. kr pr. 30/9 i fjor.

Etter nye reglar i IFRS har banken i år kostnadsført heile avgifta til Bankenes Sikringsfond med totalt 2,1 mill. kr i fyrste kvartal, medan denne i tidlegare år har vore periodisert utover året. Denne endringa fører til ein kostnadsauke i resultatrekneskapen i perioden på 0,5 mill. kr i forhold til fjorårstala.

Den gode auken i resultatet i år skuldast betring i rentemarginen, auke i provisjonsinntekter frå sal av Eika-produkt og ekstraordinært utbyte i samband med at Visa Europe er seld til Visa Inc.

## RENTEMARGIN

I 3. kvartal bokfører banken netto renteinntekter med 19,3 mill. kr, ein auke på 0,5 mill. kr i forhold til 3. kvartal i fjor. Rentemarginen i 3. kvartal er på 1,83% mot 2,01% for 3. kvartal i fjor. Korrigert for den ekstra kostnadsføringa av full sikringsfondsavgift er samanliknbar rentemargin i 3. kvartal 1,88%.

Pr. 30/9 er netto renteinntekter 55,2 mill. kr, mot 51,5 mill. kr pr. 30/9 i fjor, ein auke på 3,7 mill. kr. Korrigert for full kostnadsført sikringsfondsavgift i år er auken 4,2 mill. kr. God vekst i utlån, og reprising av innskotsmassen har snudd rentemarginen frå 1,78% pr. 30/9 i fjor til 1,89% ved utgangen av september i år.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 3. kvartal har banken inntektsført 1,9 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot ei kostnadsføring på 1,9 mill. kr i 3. kvartal i fjor.

På obligasjonsporteføljen har banken i 3. kvartal bokført realisert tap på 0,01 mill. kr som er det same som for 3. kvartal i fjor.

I samband med at Visa Inc. har kjøpt aksjane i Visa Europe har Vekselbanken saman med alle dei andre bankane i Noreg fått ut sin del av verdiane i dette selskapet. Samla sett har banken motteke 3,4 mill. kr så langt. 3 mill. kr av denne utbetalinga vart ved halvårsskiftet ført som ekstraordinær vinst ved sal av anleggsaksjar. Etter ein del diskusjon syner det seg at desse inntektene skal førast som utbytte, noko som er korrigert i rekneskapen i 3. kvartal.

Banken har gjennom mange år hatt ein mindre eigarandel i Silver Pensjonsforsikring AS. Då Silver kan verta hardt råka av regelendringar i pensjonsreforma vart vår eigarandel i dette selskapet nedskrive med 3,1 mill. kr over utvida resultat i 2. kvartal.

## DRIFTSKOSTNADER

I 3. kvartal i år er samla driftskostnader 12,5 mill. kr, som er det same som for 3. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,19% i år mot 1,35% i fjor.

## TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 3. kvartal har banken ikkje konstatert tap.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av kvartalet er på 42,3 mill. kr, ein reduksjon på 42,3 mill. kr frå 3. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 1,14% i år, mot 2,67% ved utgangen av 3. kvartal i fjor. For nærmare spesifikaasjon sjå eigen tapsnote.

### **RÅDVELDEKAPITAL**

I 3. kvartal er rådveldekapitalen auka med 61 mill. kr, eller 1,5%, til 4.236 mill. kr.

Grunna stor utlånsvekst i år har banken i løpet av året utstedt nye obligasjonslån med netto til saman 400 mill. kr. Sjå note 5.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 421 mill. kr, eller 11,03%.

### **INNSKOT**

I 3. kvartal har innskota auka med 24 mill. kr eller 0,84%.

Siste 12 månadane har innskota auka med 1 mill. kr, eller 0,05%.

Pr. 30.09.16 har banken ei innskotsdekning på 79,7% av brutto utlån, mot 93,2% på same tid i fjor.

### **UTLÅN**

Den skjerppe konkurransesituasjonen i utlånsmarknaden ramma banken i 2015 og førte til negativ utlånsvekst. Etter å ha tilpassa rentevilkåra betre til marknadsprisen, har trenden snudd. Veksten i utlån på eiga bok dei fyrste 9 månadane i år er kome opp i 536 mill. kr eller 16,8%, noko banken er særns nøgd med.

I 3. kvartal i år har banken ein auke i utlån på eige bok på 119,9 mill. kr eller 3,34%.

Pr. 30/9 er brutto utlån til kundar kome opp i 3.711 mill. kr, mot 3.173 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 538 mill. kr eller 16,97%. Når netto utlånsvekst i EBK vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader på 561 mill. kr eller 16,60.

Av samla utlån ved halvårsskiftet er 2.945 mill. kr (79,35%) til personkundar og 767 mill. kr (20,65%) til næringskundar. Sjå note 3.

### **LIKVIDITET**

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.958 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 562 mill. kr eller 19,1%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 155% berekna etter nye forskrifter.

### **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 413,3 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,16% utan at resultat i år er rekna med.

Kjernekapitalen er 368,9 mill. kr, eller 17,10%. I høve til minimumskrava er overdekninga 240,7 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 347,9 mill. kr, eller 16,12%.

### **DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE**

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

## 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

<u>Namn</u>	<u>Andel</u>	<u>Beholding</u>
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	5,65 %	107.278
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AS FLU	4,74 %	90.000
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	2,63 %	50.000
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	2,46 %	46.771
BJØRKEHAGEN AS	1,89 %	35.990
WERGELAND HOLDING AS	1,29 %	24.500
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	0,93 %	17.700
NOTOV AS	0,85 %	16.090
SLÅPEKROKEN AS	0,79 %	15.040
HAUKÅS KONSULENTENE AS	0,79 %	15.000
FJORDSYN AS	0,77 %	14.600
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	0,71 %	13.411
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
GJØSTEIN IVAR	0,60 %	11.420
<b>Sum for dei 20 største eigarane</b>	<b>43,49 %</b>	<b>826.326</b>
<b>Øvrige eigarar</b>	<b>56,51 %</b>	<b>1.073.674</b>
<b>Totalt utstedte aksjar</b>	<b>100,00 %</b>	<b>1.900.000</b>

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal: kr 196,40  
Børskurs ved utgangen av 3. kvartal var : kr 115,00

### REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

### REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

### UTSIKTENE FOR 2016

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Dei positive utsiktene for framtida for Voss med von om snarleg utbygging av sikre og raske kommunikasjonsløyseringar mot Bergen og Oslo ved tru på K5-prosjektet ser ut til å festa seg lokalt. Folketalsveksten i banken sitt marknadsområde som politikarar og analyseselskap ser for seg ved denne utbygginga vil føra til vekst i investeringar lokalt, noko banken vil ta sin del av. Den utvida satsinga vår på sal av forsikrings- og spareprodukt byrjar å materialisera seg, og vil gje banken ein vekst i andre inntekter framover.

Konkurransen i rentemarknaden er framleis hard. Det låge rentenivået skapar utfordringar i heile næringa, ved at det snart ikkje lenger er råd å redusera rentesatsane på innskott lenger ned. Spreadutgangen ein opplevde i andre halvår 2015 på finanspapir har ført til låg inntening på banken

sin finansportefølje. Normalisering av spreadnivåa på slike plasseringar som ein ser er på veg vil monaleg syna att i kvartala framover. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i fyrste halvdel av 2015 er snudd til ein oppgang, og rentemarginen etter 3. kvartal er auka til 1,89% frå 1,78% i 3. kvartal i 2015.

I framlegg til statsbudsjett for 2016 vert finansnæringa pålagt ei ekstra skattebyrde. Forslaget om at ekstraskatten skal utreknast som eit tillegg på arbeidsgjevaravgifta vil føra til ei skeivdeling mellom bankane, og svekka dei små lokale distriktsbankane rundt om i heile Noreg som satsar på å vera menneskeorienterte bankar med gode rådgjevarar og hjelp til lokalt næringsliv. Denne ekstra arbeidsgjevaravgifta på 5%-poeng og manglande reduksjon av skattesatsen på overskot vil kosta banken nærmare 1,3 mill. kronar årleg framover. Me meiner ordninga med skattlegging på arbeidskraft slår veldig skeivt og uheldig ut, og kan svekka lokalbankane si evne til å kunna ta del i samfunnsbygginga. Me voner Stortinget snur framlegget slik at dette ikkje fører til at lokalbankane i Noreg må redusera satsinga på lokalt næringsliv og lokal bank- og finanskompetanse.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	3. kv 2016	3. kv 2015	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Renteinntekter og liknande inntekter	28.645	31.507	84.857	98.302	128.907
Rentekostnader og liknande kostnader	9.382	12.718	29.702	46.851	59.020
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>19.263</b>	<b>18.789</b>	<b>55.155</b>	51.451	69.887
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.286	-811	6.552	2.205	1.449
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2.801	2.694	7.476	6.613	9.165
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-910	-824	-2.774	-2.690	-3.632
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-474	-632	-487	-8.742	-6.541
Andre driftsinntekter	34	54	88	148	188
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>2.737</b>	<b>481</b>	<b>10.855</b>	-2.466	629
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>22.000</b>	<b>19.270</b>	<b>66.010</b>	48.985	70.516
Personalkostnader	5.354	5.213	14.431	14.001	18.953
Administrasjonskostnader	4.380	4.584	13.762	12.231	16.741
Ordinære avskrivningar	1.763	1.742	5.238	5.234	6.977
Andre driftskostnader	1.004	1.041	3.438	3.468	4.424
<b>Sum kostnader</b>	<b>12.501</b>	<b>12.580</b>	<b>36.869</b>	34.934	47.095
<b>Resultat før tap</b>	<b>9.499</b>	<b>6.690</b>	<b>29.141</b>	14.051	23.421
Tap på utlån, garantiar m.v.	-1.088	-79	-1.750	-36	-77
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>-1.088</b>	<b>-79</b>	<b>-1.750</b>	-36	-77
<b>Resultat før skatt</b>	<b>8.411</b>	<b>6.611</b>	<b>27.391</b>	14.015	23.344
Skatt på ordinært resultat	1.860	2.079	5.845	3.816	6.547
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>6.551</b>	<b>4.532</b>	<b>21.546</b>	10.199	16.797
<b>Andre inntekter og kostnader</b>					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	592	-1.616	-1.335	7.211	7.257
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-148	422	-463	-1.970	-1.991
<b>Sum andre postar</b>	<b>444</b>	<b>-1.194</b>	<b>-1.798</b>	5.241	5.266
<b>Totalresultat</b>	<b>6.995</b>	<b>3.338</b>	<b>19.748</b>	15.440	22.063
Resultat pr. aksje	3,45	2,39	11,34	5,37	8,84
Utvatna resultat pr. aksje	3,45	2,39	11,34	5,37	8,84

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

### EIGNELUTAR

	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Kontantar og fordringar på sentralbankar	74.584	75.011	76.637
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	138.132	197.463	93.817
Netto utlån og fordringar på kundar	3.663.234	3.124.035	3.126.643
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	255.600	228.495	307.966
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	55.610	133.138	92.665
Immaterielle eignelutar	4.999	8.998	7.998
Finansielle derivat	4.520	5.376	5.198
Varige driftsmidlar	32.082	34.294	33.551
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	6.802	7.866	7.034

### SUM EIGNELUTAR

4.235.563 3.814.676 3.751.509

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.958.191	2.956.757	2.910.521
Obligasjons- og sertifikatgjeld	774.963	377.444	377.210
Finansielle derivat	0	0	0
Utsett skatt	3.207	2.343	2.744
Anna gjeld	22.618	14.214	13.156
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	24.003	26.716	7.665
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	1.994	2.958	2.000
Ansvarleg lånekapital	77.435	80.426	78.159
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.862.411</b>	<b>3.460.858</b>	<b>3.391.455</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-43	-11	-43

#### Sum innskoten eigenkapital

9.457 9.489 9.457

#### Opptent eigenkapital

363.695 344.329 350.597

#### Sum opptent eigenkapital

363.695 344.329 350.597

#### Sum eigenkapital

373.152 353.818 360.054

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

4.235.563 3.814.676 3.751.509


Garantiansvar	103.710	109.101	105.362
Pantsetjingar	128.399	101.249	111.057
Eigenkapitaldekning	19,16 %	20,66 %	21,31 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.928.963	3.848.459	3.828.829


Voss, 18. oktober 2016


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreformann

  
Olav Seim

  
Ingrid Kløve-Graue

  
Hildegunn Reime

  
Johanna R. Sølvberg

  
Einar Larsen  
banksjef

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Eigenkapital ved inngangen til året	360.054	347.878	347.878
Utbetalt utbytte førre år	-6.650	-9.500	-9.500
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-1.798	5.241	5.266
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-387
Resultat i perioden	21.546	10.199	16.797
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>373.152</b>	<b>353.818</b>	<b>360.054</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	90 875	106 409	144 222
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-17 212	-32 449	-65 264
Andre innbetalningar	6 267	3 060	2 359
Driftsutbetalningar	-32 589	-29 937	-40 023
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	79	83	84
Utbetalt utbytte	-6 650	-9 500	-9 500
Betalte skattar	-6 227	-7 444	-9 343
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>34 543</b>	<b>30 222</b>	<b>22 535</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-538 420	77 659	75 009
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	47 647	111 444	65 208
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	1	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	397 753	-335 814	-336 048
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	105	- 562	- 648
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	92 396	123 262	84 140
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	13 763	-7 381	-12 473
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	-10 000	-10 000
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	327	- 451	- 713
<b>Netto kontantsstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>13 571</b>	<b>-41 842</b>	<b>-135 525</b>
Investert i varige driftsmidlar	- 770	- 825	- 825
Investert i immaterielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-5 081	-8 486	-9 136
<b>Netto kontantsstraum frå investeringar</b>	<b>-5 851</b>	<b>-9 311</b>	<b>-9 961</b>
Netto endring likvidar	42 263	-20 931	-122 951
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	170 454	293 405	293 405
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>212 717</b>	<b>272 474</b>	<b>170 454</b>
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:</b>			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	74 584	75 011	76 637
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	138 133	197 463	93 817
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>212 717</b>	<b>272 474</b>	<b>170 454</b>



## Note 1 Tap og misleghald

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar  
Endring i gruppevise nedskrivningar  
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

<b>30.09.16</b>	30.09.2015	31.12.15
-881	-750	-916
400	0	0
2.122	806	972
188	63	105
-79	-83	-84
<b>1.750</b>	36	77

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

26.049	47.460	20.679
4.677	5.052	5.224
<b>21.372</b>	42.408	15.455
45.179	67.110	63.617
24.229	24.901	24.563
<b>20.950</b>	42.209	39.054
<b>42.322</b>	84.617	54.509

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

3.711.616	3.173.064	3.175.506
-28.906	-29.953	-29.787
-19.476	-19.076	-19.076
<b>3.663.234</b>	3.124.035	3.126.643

## Note 2 Kapitaldekning

	30.09.16		30.09.15		31.12.15	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	19.023	1.522	5.192	415	18.493	1.479
Institusjonar	35.603	2.848	55.306	4.424	34.130	2.730
Føretak	325.554	26.044	269.415	21.553	238.823	19.106
Massemarknad	3.992	319	3.380	270	4.070	326
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.398.399	111.872	1.244.020	99.522	1.232.425	98.594
Forfalne engasjement	17.915	1.433	45.613	3.649	11.917	953
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.849	708	8.941	715	9.922	794
Andelar i verdipapirfond	8.511	681	55.567	4.445	47.942	3.835
Eigenkapitalposisjonar	44.638	3.571	41.067	3.285	39.313	3.145
Andre engasjement	141.334	11.307	122.593	9.807	148.147	11.852
<b>Sum kredittrisiko</b>	<b>2.003.818</b>	<b>160.305</b>	1.851.094	148.088	1.785.182	142.815
Operasjonell risiko	149.970	11.998	154.379	12.350	154.379	12.350
Frådrag for gruppevise nedskrivningar		0	0	0	0	0
CVA risiko, motpartsrisiko	3.775	302	5.813	465	5.800	464
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.157.563</b>	<b>172.606</b>	2.011.286	160.903	1.945.361	155.629
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-43		-11		-43	
Sum opptent egenkapital	342.149		334.130		343.950	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-3.749		-6.569		-5.839	
Frådrag	0		-361		-401	
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>347.857</b>	<b>16,12</b>	336.689	16,74	347.167	17,85
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	38.867		40.426		38.159	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-3.867		-5.426		-3.159	
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-14.000		-10.500		-10.500	
<b>Kjernekapital</b>	<b>368.857</b>	<b>17,10</b>	361.189	17,96	371.667	19,11
Fond for urealiserte verdiendringar	4.467		3.848		3.895	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		40.000		40.000	
Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap.	0		10.500		-1.093	
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>44.467</b>	<b>2,06</b>	54.348	2,70	42.802	2,20
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>413.324</b>	<b>19,16</b>	415.537	20,66	414.469	21,31

### Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringer

	Utlån			
	30.09.16	Fordeling	30.09.15	Fordeling
Personkunder	2.944.998	79,35	2.536.983	79,95
Offentleg forvaltning	16.633	0,45	10.194	0,32
Finansielle foretak	5.285	0,14	4.124	0,13
Jord- og skogbruk	30.587	0,82	25.046	0,79
Industri og bergverksdrift	53.041	1,43	63.731	2,01
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	86.852	2,34	80.495	2,54
Varehandel , hotell og restaurant	65.087	1,75	66.350	2,09
Transport og kommunikasjon	102.406	2,76	61.535	1,94
Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift	354.566	9,55	240.078	7,57
Tenesteytande næringer elles	52.161	1,41	84.528	2,66
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>3.711.616</b>	<b>100,00</b>	<b>3.173.064</b>	<b>100,00</b>

	Innskot			
	30.06.16	Fordeling	30.09.15	Fordeling
Personkunder	2.129.528	71,99	2.052.184	69,41
Offentleg forvaltning	52.933	1,79	161.502	5,46
Finansielle foretak	29.400	0,99	31.952	1,08
Jord- og skogbruk	14.646	0,50	14.105	0,48
Industri og bergverksdrift	41.935	1,42	46.449	1,57
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	90.366	3,05	80.305	2,72
Varehandel , hotell og restaurant	107.992	3,65	108.365	3,66
Transport og kommunikasjon	149.224	5,04	121.287	4,10
Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift	230.250	7,78	136.865	4,63
Tenesteytande næringer elles	111.917	3,78	203.743	6,89
<b>Sum innskot</b>	<b>2.958.191</b>	<b>100,00</b>	<b>2.956.757</b>	<b>100,00</b>

### Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler

	3. kv. 2016	3. kv. 2015	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	-1	-1	-700	-8.835	-9.525
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning	584	-1.091	-135	-957	-348
Netto verdiendring på valuta og fin.derivat	-1.057	460	348	1.050	3.332
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler	-474	-632	-487	-8.742	-6.541

### Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.09.16
Serifikatgjeld	0	0	0	0	0
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	375.500	550.000	-150.500	0	775.000
Underkurs / overkurs	1.710	0	0	-1.747	-37
Sum verdipapirgjeld	377.210	550.000	-150.500	-1.747	774.963

### Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 30.09.16
Ansvarleg lånekapital	40.000	0	0	0	40.000
Fondsobligasjon	35.000	0	0	0	35.000
Verkeleg verdijustering	3.159	0	0	-724	2.435
Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon	78.159	0	0	-724	77.435